



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 07.04.2016
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 12:00 - 13:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Inger Jåstad	Krf	Medlem
Terje Myrvang	H	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Ingunn Einestrånd		Medlem
Karstein Totland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Karstein Totland

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Leiar for helse, omsorg og sosial Helga Ellingsen førte møtebok

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2016	Godkjenning av møtebok
003/2016	Konstituering av eldrerådet 2015 - 2019
004/2016	Høyring kommunereforma 2016
005/2016	Referatsak

001/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

07.04.2016 ELDRERÅDET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ER - 001/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

07.04.2016 ELDRERÅDET

Merkand til møtebok. I sak om kommunereform skulle det stå tre alternativ, og ikkje to alternativer som står referert i møtebok. Møtebok med merkand vart samrøystes vedteke.

ER - 002/2016 VEDTAK:

Møtebok frå 17.09.15 vert godkjend.

003/2016: Konstituering av eldrerådet 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg:

<Her skal stå rådmannen sitt framlegg til vedtak>

07.04.2016 ELDRERÅDET

Val av ny leiar i eldrerådet;

Terje Myrvang vart samrøystes valt som leiar for eldrerådet.

Inger Jåstad vart samrøystes valt som nesteleiar for eldrerådet

ER - 003/2016 VEDTAK:

Terje Myrvang er valt som ny leiar for eldrerådet for perioden 2015 - 2019

Inger Jåstad er valt som ny nestleiar for eldrerådet for perioden 2015 - 2019

004/2016: Høring kommunereforma 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Saka blir lagt fram for eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne utan tilråding.

07.04.2016 ELDRERÅDET

Saka vart drøfta i eldrerådet. Varaordførar informerte om kva kommunestyre har tenkt med høring på kommunereforma.

Leiar Terje Myrvang har fått tilbakemelding om at folk ynskjer å ha ei folkerøysting over alle tre alternativa.

Inger Jåstad har forslag i høve intensjonsavtalen med Gulen og Masfjorden alternativet; Biblioteksjef bør høyre til kommunehuset i kolonne 2 på vedlegget. Bibliotektenestene blir som før i kolonne 1 i vedlegget.

ER - 004/2016 VEDTAK:

Eldrerådet gjer innspel på fylgjande punkter til kommunereforma:

- 1. Eldrerådet tilrår at alle 3 alternativa blir lagt ut på folkerøysting. Eigen kommune, Nordhordland alternativ og Gulen og Masfjorden alternativet**
 - 2. Intensjonsavtale med Gulen og Masfjorden; Biblioteksjef bør høyre til kommunehuset i kolonne 2 i vedlegget, og bibliotektenestene blir som før i kolonne 1 i vedlegget.**
 - 3. Alternativ som eigen kommune skal utgreiast og politisk behandlast i april. Når den er ferdig behandla ynskjer eldrerådt at denne blir sendt ut til pensjonsitlaga ved leiar og nestleiar, og leiar i eldrerådet.**
 - 4. Eldrerådet gir positiv tilbakemelding til kommunen på den informasjon som ein har gitt til innbyggjarane, med folkemøte og informasjonsskriv i høve kommunereforma.**
-

005/2016: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

07.04.2016 ELDRERÅDET

1: Planstrategi for 2016 - 2020 redigert framlegg av 16.mars 2016

2: Melding om politisk vedtak - oppstart av temadelplan psykisk helse og rus 2016 - 2026

Leiar for helse, omsorg og sosial Helga Ellingsen informerte om planarbeid for psykisk helse og rus 2016 - 2026. Eldrerådet blir oppmoda om forslag til representant i referansegruppa.

Eldrerådet foreslår at leiar Terje Myrvang stiller som brukarrepresentant i referansegruppa til temadelplan for psykisk helse og rus 2016 - 2026.

3: Melding om politisk vedtak - oppstart av temadelplan rehabilitering og habilitering 2016 -2026.

Helga Ellingsen informerte om planarbeid for rehabilitering og habilitering 2016 - 2026. Eldrerådet blir oppmoda om forslag til representant i referansegruppa.

Eldrerådet foreslår at Terje Myrvang stiller som brukarrepresentant i referansegruppa til temadelplan rehabilitering og habilitering 2016 - 2026.

ER - 005/2016 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

Møteprotokoll frå eldrerådet 07.04.16 vert vitna:

Terje Myrvang
leiar

Helga Irene Ellingsen
sekretær